# Referat

## STYREMØTE NR. 2 i ØIL – 07.05.2012

| **Møte** | | **Referat** | | |
|---|---|---|---|---|
| ***Dato*** | 07.05.2012 kl. 1900 | ***Deltakarar*** | Trude Torvund / konstituert leiar og kasserar<br>Per Dysterud / nestleiar<br>Rune Vik/ skrivar<br>Sonja Fagerheim/ styrelem<br>Øystein Roe Sundøy / styrelem<br>Jan Tore Alvsaker/ styrelem<br>Åshild Bekkesletten/ 1. vara<br>Leiv Sandven/ trimgruppa<br>Roger Vassnes / fotball | |
| ***Stad*** | Holmatun | ***Forfall*** | Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa | |
| ***Referent*** | Rune Vik | ***Kopi*** | Olav Kreken/ orientering | |
| ***Neste møte*** | **måndag 18.06.2012 kl. 1900** | | | |

| **Nr** | **Sak** | **Frist** | **Ansvar oppfølging** |
|---|---|---|---|
| **2.1** | **Saker** | | |
| .1 | <u>ØIL – adresse og epost</u> | info | |
| | Adresse **Postboks 120, 5604 Øystese**<br>Ansvar: Rune V tømer postboks og fordeler post. | | Rune V. |
| | Epost-adresse post@oysteseidrettslag.no<br>Ansvar: Øystein sjekkar e-post og fordeler. | | Øystein |
| .2 | <u>Open hall – søndag 22.04.2012 kl. 12:00-14:30 -evaluering</u> | info | |
| | Bra gjennomført arrangement. Nye aktivitetar som ringspel, teppe-curling og boccia slo godt an. | | |
| | Bør satse på to "Open hall" – arrangement i året, begge om hausten:<br>- Eit samtidig med Øystesetrimmen<br>- Eit i slutten av november | | |
| | Må følgje opp idrettsrådet med omsyn til arrangementstøtte. | | Trude |
| | Det er pølser til overs – restopplaget ligg hjå Åshild. Per sjekkar om fotballgruppa kan selje desse på eit av sine arrangement. | | Per |
| .3 | <u>Hoppanlegg på Myrane – lynnedslag og skade på el. anlegget</u> | info | |
| | - Gjensidige Forsikring ASA v/ Magnus Vestin har i epost datert 03.05.2012 stadfesta at el.anlegget/sikringsskap kan reparerast i samsvar med motteke tilbod frå Kvam elektro AS.<br>- Hilde varslar Tormod Laupsa om å gå i gang. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| .4 | Uttale til Kvam herad sin barnehageplan | | |
| | ØIL-styret vil gje uttale til barnehageplanen som er ute på høyring. Viktig å delta i samfunnsdebatten der folkehelse og aktivitet blant barn og unge står sentralt. Uttalefrist: 14.mai-2012 | 14/5-12 | styret |
| .5 | 17.mai og innslag i folketoget i Øystese | Info | |
| | Styret oppmodar medlemene om å delta i folketoget. Ber om at ØIL-fotball informerer via trenarar og oppmenn. | | Per |
| **2.2** | **Fotballgruppa** | | |
| .1 | ØIL - Pinsecup 26-27/5-2012 for 1. gong | Info | |
| | Fotballcup med 5-ar og 7-ar-fotball. | | |
| .2 | Info om TelenorXtra fotballSFO | info | |
| | Roger informerte om at Hardanger talentutvikling AS har søkt midlar hjå NIF knytt til "TelenorXtra FotballSFO". Gjev kanskje høve til å tilsetje ein til med idrettsfagleg bakgrunn.<br>Avgjerd på søknad hjå NIF ca 1. juni -12 | | |
| **2.3** | **Friidrett/trimgruppa** | | |
| .1 | Friidrettsaktivitet frå 2.- til 6. klasse - ute | info | |
| | - Oppstart tysdag 15.05.2012 kl. 17:00<br>- Treningstid: mandagar kl. 18:00-19:00<br>- Ansvar: Leiv m/ hjelparar | | Leiv |
| **2.4** | **HC-gruppa** | | |
| **2.5** | **Symjegruppa** | | |
| **2.6** | **Hoppgruppa** | | |
| **2.8** | **Økonomi** | | |
| .1 | Generelt om økonomistyring i hovudlaget | | styret |
| | Hovudlaget har ikkje sponsorinntekter, men likevel god økonomi grunna inntening på dugnadsarbeid på 1990-talet. Pengar på bok gjev handlefridom.<br><br>Styret si oppgåve er å støtte aktivitet med økonomiske midlar så langt ikkje likviditeten til hovudlaget vert svekka frå år til år. | | |
| .2 | Støtte til cupar og treningsleir<br>Fotballgruppa søkjer om støtte til cupar og treningsleir. | | |
| | Vedtak:<br>Hovudlaget gjev følgjande støtte:<br>• Kr 15000 til Sogndal Cup for aldersbestemte lag<br>• Kr 10000 til Norway Cup for guttelag og jentelag<br>• Kr 10000 til treningsleir i Tyrkia for juniorlag | | styret |
| | Føresetnaden er at prinsippet med at ØIL/ØIL fotball støttar med 50%/50% vert vidareført. | | ØIL-fotball |
| | Utbetaling av siste 10000 knytt til treningsleir i Tyrkia skjer når rekneskap m/bilag for Sogndal cup, Norway-cup og treningsleir Tyrkia er overlevert / godkjent av ØIL-styret. | | ØIL-fotball |

| | | | |
|---|---|---|---|
| .3 | <u>Søknad om støtte til lys i samband med skeise-/vinteraktivitet på Skårsvatnet</u><br><br>Soldal- og Porsmyr grendautval søkjer om kr. 3000,- i støtte til "skeiselys" i vika nær badeplassen ved Skårsvatnet.<br><br>Sitat frå søknaden:<br>*På vinterstid og særlig før jol har me ofte fin skeiseis på Skårsvatnet. Desse dagane er veldig populære og drar folk frå store delar av heradet opp til isen. I ei helg er det ikkje uvanlig med 300- 400 skeiseglade folk på og rundt isen. Med korte dagar er det ofte berre i helgen det er råd å få til litt skeising og hockey.*<br>*Eit godt lys som alle kan disponera vil opne opp for mange nye brukstimar og meir skeiseglede. Grendautvalet har i årevis vurdert og gjere desse dagane lengre ved hjelp av eit godt lys.*<br>*Montering av ein stolpe i svingen inn til Froastadvegen med kort tilgang til eksisterande line, vil vere ein diskret og rimelig løysing. Her vil me og montera 2 lys, brytar og eit lite sikringsskåp. Detaljane er alt klarert med Kvam kraftverk og vert utført av sertifiserte fagfolk. Montering av stolpen, bardunering og oppheng av lampene vert gjort av grendafolk på dugnad.*<br><br>***<u>Budsjett for lys</u>***<br>Stolpe, støttestag, bolter, leidning mm : kr 6.500<br>Bryter, sikringsskåp, kabel, jordfeilbryter : kr 2.500<br>2 stk lys : kr 6.500<br>Arbeid av el montør : kr 2.500<br><u>Totale utgiftar : kr 18.000</u><br><br>Vedtak:<br><br>ØIL-styret er samstemt i at "skeiselys"- prosjektet ved Skårsvatnet er eit breiddeaktivitetstiltak, som vil kunne fremje både fysisk og sosial aktivitet. Spesielt bra med alternative aktivitetar for barn og ungdom.<br><br>"Skeiselys"-prosjektet til Soldal- og Porsmyr grendautval vert støtta med kr. 3000,-. Utbetaling ved realisering av prosjektet. | info | Styret |
| **2.9**<br><br>.1 | **Eventuelt**<br><br><u>ØIL-historikk</u><br><br>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret.<br><br>Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale. | info | Rune V. |

Rune Vik/ skrivar